



Sande Blandakor inviterer til songarstemne på Sande 9.-11. juni 2017.

Koret vart starta i oktober 1977, så i oktober 2017 skal ein ha 40-årsjubileum. Eit høgdepunkt var turen til USA i samband med feiring av 30-årsjubileet, ein vart godt mottekne av dei norske miljøa i Midvesten, og ein hadde flotte opplevingar i New Orleans. Koret syng på ulike arrangement i Gaular, og ein har to «Syng med oss»-kveldar i året.

Ein legg opp til tradisjonelt stemne, ein kan ta i mot ti kor og om lag 250 songarar. Ein del av programmet er planlagt slik:

- Swing kurs med dans i låve på fredagskvelden
- Songartog laurdag
- Kyrkjekonsert i Sande kyrkje laurdag
- Songarfest med middag og dans i Gaularhallen laurdag kveld
- Profankonsert i Gaularhallen søndag
- Sal av mat og drikke
- Ein legg ved liste over overnattingsstader

Påmelding kan de sende innan 1. desember til Marianne Hoff marhof2@online.no



Vel møtt !